

ID 531.26  
MH/thm

Ordførarar og kommunedirektørar/rådmenn i Sunnhordland  
Ordførar og kommunedirektør i Haugesund  
Ordførar og kommunedirektør i Vindafjord

### **INNKALLING TIL MØTE I SUNNHORDLANDSRÅDET 29. MAI 2026**

**Bedriftsbesøk:** kl.09.30, Lerøy Sjøtroll Kjærelva, Kjerelvvegen 55, Fitjar

**Sakshandsaming:** kl.10.30, Fitjar vidaregåande skule, Fitjar

**Ta med:** Fotballtrøya

#### Tidsplan:

Kl. 09:30	Lerøy Sjøtroll v/ Marco Schaer, Site manager
Kl. 10:15	Avreise til Fitjar vidaregåande skule
Kl. 10:30	Helse Fonna v/ Anders Hovland, Administrerende direktør
Kl. 11:00	Sakshandsaming
Kl. 12:00	Fitjar vidaregåande skule v/ Christer Stewart Aarbø, Rektor
Kl. 12:20	Lunsj + foto i fotballtrøyer ifm. FotballtrøyeFredag
Kl. 13:00	Sakshandsaming fortsett
Kl. 15:00	Møteslutt

#### Sakliste:

Sak 18/26	Godkjenning av saklista
Sak 19/26	Årsmelding 2025
Sak 20/26	Årsrekneskap 2025
Sak 21/26	Sunnhordland museum og val av styremedlemmar
Sak 22/26	Regionstrategi Sunnhordland 2040
Sak 23/26	Samferdselsgruppa Sunnhordland og Hauglandet: Prioriterte vegstrekingar
Sak 24/26	Vararepresentant i AU ved fråvær
Sak 25/26	Drøftingssak: Arbeidsgrupper
Sak 26/26	Ymse

Sunnhordland, 22. mai 2026

Tora Haslum Myklebust  
Dagleg leiar

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 29. mai 2026 kl. 10.30  
Fitjar vidaregåande skule

Sak 19/26  
MH/thm

### **Årsmelding 2025**

Vedlagt ligg forslag til årsmelding for 2025.

### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet godkjenner Årsmelding 2025.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 29. mai 2026 kl. 10.30  
Fitjar vidaregåande skule

Sak 20/26  
MH/thm

### **Årsrekneskap 2025**

Vedlagt ligg forslag til rekneskap for 2025.

### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet godkjenner Årsrekneskap for 2025.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 29. mai 2026 kl. 10.30

Fitjar vidaregåande skule

Sak 21/26

MH/thm

### **Sunnhordland museum og val av styremedlemmar**

Sunnhordlandsrådet er pr. dags dato representert med to styremedlemmar i styret til Sunnhordland museum. Kwart styremedlem vert vald for 2 år, med personleg varamedlem.

For perioden 2022-2023 er det Fitjar kommune og Kvinnherad kommune som har hatt desse styreverva. Og for perioden 2024-2025 er det Etne kommune og Stord kommune som har hatt desse styreverva. I Sunnhordlandsrådet sitt møte den 13. februar blei det gjort samrøystes vedtak på at Etne og Stord kommune skulle fortsetje for perioden 2026-2027

Den 18. mars mottok Sunnhordlandsrådet ein ny førespurnad på å velje ytterlegare to kommunar til styremedlemmar. Sunnhordlandsrådet støttar Sunnhordland museum sitt ønskje om større og breiare representasjon frå ulike kommunar i Sunnhordland. I ekstraordinært møte i Sunnhordlandsrådet den 7. april oppmuntrar regionrådet Sunnhordland museum sitt styre, til å oppnemne ei valnemnd som i sitt arbeid sikrar at geografisk representasjon og kompetanse blir ivaretatt.

Styret til Sunnhordland museum har følgd opp med å informera om at dei ynskjer det blir vald inn ei kvinne og ein mann, med politisk forståing og engasjement for museum og kultur. Dei to bør helst representera Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Sveio eller Tysnes, då Etne og Stord allereie er representert.

### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes følgjande kommunar til å sitje i Sunnhordland museum sitt styre for perioden 2026-2027:

1. Ei kvinne frå ..... kommune, med politisk forståing og engasjement for museum og kultur
2. Ein mann frå .....kommune, med politisk forståing og engasjement for museum og kultur

Kommunestyra for dei to valde kommunane, må sjølv peike ut kven som skal representere dei i Sunnhordland museum sitt styre. Kvar kommune må velje eit styremedlem med personleg varamedlem.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 29. mai 2026 kl. 10.30

Fitjar vidaregåande skule

Sak 22/26

MH/thm

### **Regionstrategi Sunnhordland 2040**

Vedlagt ligg forslag til regionstrategi Sunnhordland 2040.

Eit grundig arbeid med å utarbeide ny regionstrategi for Sunnhordland, er blitt utført med følgjande arbeidsgruppa:

Hogne Haugsdal, kommunedirektør Austevoll. Han har leia arbeidsgruppa.

Morten Helland, ordfører Bømlo og rådsordfører

Kjetil Aga Gjøsæter, kommunedirektør Bømlo

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, ordfører Etne

Sigbjørn Framnes, ordfører Stord

Tora Haslum Myklebust, dagleg leiar Sunnhordlandsrådet

Arbeidsgruppa la fram forslag til medlemmane av Sunnhordlandsrådet i eit felles arbeidsmøte den 5. mai kor alle fekk komme med sine synspunkt. Næringslivet har og fått anledning til å gje innspel før endeleg versjon skal handsamast i rådet. Etter handsaming i Sunnhordlandsrådet skal den sendast for godkjenning hjå dei åtta kommunestyra i Sunnhordland.

Dette dokumentet vil danne grunnlag for ein fire års plan, samt ein åreleg handlingsplan.

#### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet godkjenner Regionstrategi Sunnhordland 2040 slik den ligg føre.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 29. mai 2026 kl. 10.30

Fitjar vidaregåande skule

Sak 23/26

MH/thm

### **Samferdselsgruppa Sunnhordland og Hauglandet: Prioriterte vegstrekingar**

Den 5. desember 2025 vedtok råda å ha eit felles fokus på vegprosjekta vintersikker E134 og ferjefri E39 i 2026. Og den 26. mars i år blei det vedtatt å etablere ei felles arbeidsgruppa for Hauglandsrådet og Sunnhordlandsrådet, med mandat til å utarbeide eit felles skriv og ein felles strategi for korleis påverknadsarbeid rundt vintersikker E134 og ferjefri E39 bør riggast fram mot NTP 2029-2040.

Felles strategi/framdriftsplan er under utarbeiding og vil blir presentert snarleg. I fyrste omgang er det viktig at råda vedtar eit felles skriv som dei kan arbeide etter.

Vedlagt ligg forslaget til felles skriv for Sunnhordlandsrådet og Haugalandrådet «Prioriterte vegstrekingar».

### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet godkjenner skrivet «Prioriterte vegstrekingar» slik det ligg føre.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 29. mai 2026 kl. 10.30

Fitjar vidaregåande skule

Sak 24/26

MH/thm

### Vararepresentant i AU ved fråvær

Arbeidsutvalet legg fram forslag om at det ved fråvær blant medlemmane i AU, blir vedtatt ei ordning der neste kommune som skal rullerast inn i AU, går inn som vararepresentant for AU medlemer som er hindra i å møta.

Oversikt rulleringa for AU frametter:

	01.01.2024-31.12.2025	01.01.2026-31.12.2027	01.01.2028-31.12.2029	01.01.2030-31.12.2031	01.01.2032-31.12.2033	01.01.2034-31.12.2035	01.01.2036-31.12.2037	01.01.2038-31.12.2039
Austevoll					x			
Bømlo	x							
Etne		x						
Fitjar								x
Kvinnherad			x	x	x	x		
Stord	x	x	x					
Svelo	x						x	x
Tysnes		x	x	x				
Leiar								
Nestleiar								

Det vil sei at det i inneverande periode er Kvinnherad som blir vararepresentant i AU ved fråvær.

### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes at neste kommune som skal rullerast inn i AU, går inn som vararepresentant for AU medlemer som er hindra i å møta.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 29. mai 2026 kl. 10.30

Fitjar vidaregåande skule

Sak 25/26

MH/thm

### **Drøftingssak: Arbeidsgrupper**

Arbeidsutvalet har drøfta behovet for fleire arbeidsgrupper under Sunnhordlandsrådet. Det vil styrke og effektivisere rådet sitt arbeid. Pr. i dag er følgjande arbeidsgrupper vedtatt:

- Strategigruppa:
  - Hogne Haugsdal, kommunedirektør Austevoll. Han har leia arbeidsgruppa.
  - Morten Helland, ordfører Bømlo og rådsordfører
  - Kjetil Aga Gjøsæter, kommunedirektør Bømlo
  - Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, ordfører Etne
  - Sigbjørn Framnes, ordfører Stord
  - Tora Haslum Myklebust, dagleg leiar Sunnhordlandsrådet
  
- Samferdselsgruppa for Sunnhordland og Hauglandet:
  - Morten Helland, ordfører Bømlo og rådsordfører
  - Sigbjørn Framnes, ordfører Stord
  - Monica Lindanger, ordfører Tysvær
  - Ole Johan Vierdal, ordfører Vindafjord
  - Sigmund Lier, dagleg leiar Haugalandrådet
  - Tora Haslum Myklebust, dagleg leiar Sunnhordlandsrådet

AU ynskjer at Sunnhordlandsrådet drøftar kva eventuelt andre arbeidsgrupper det er behov for frametter. Skal rådet til dømes opprette ei arbeidsgruppa med fokus på havbruk og «Frå raudt til grønt». Skal ein ha ei eiga kraftgruppe, eller er det tilstrekkeleg å delta i Invest in Sunnhordland si kraftgruppa?

Saka blir lagt fram for drøfting.